

AKUTT BETENNELSE


I BUKSPYTTKJERTELEN

KJÆRE PASIENT

Velkommen til Avdeling for gastro - og akuttkirurgi. Dette er informasjon til deg som har akutt betennelse i bukspyttkjertelen (pankreatitt).

Pankreatitt tyder betennelse i bukspyttkjertelen. Buksptkjertelen har ei sentral rolle i fordøyninga. Kjertelen produserer også hormonet insulin som regulerer omsetjing av sukker i kroppen. Ved betennelse i kjertelen blir det danna enzym som angrip vevet i bukspyttkjertelen og gjer at du blir sjuk.

Det kan vere fleire årsaker til betennelse i bukspyttkjertelen. Ei vanleg årsak er gallesteinar som blokkerer passasjen frå kjertelen slik at galle og bykspyt ikkje kjem over i tarmen. Ved akutt betennelse er det typisk med smerter i øvre del av



bukhola. Blodprøva syner høgare verdiar enn normalt av bukspyttkjertel-enzym både i blod og urin. Tilstanden kan vere eit eingongstilfelle eller oppstå fleire gonger. Akutt betennelse kan variere frå mild til alvorleg.

Av og til vil det utvikle seg betennelse i innkapsla væskefyldte holrom (cyste) som kan trykkje på nærliggjande organ (for eksempel magesekk) og gi kvalme og smerter. Hos nokre pasientar må kirurgen drenere cystane. Det kan ta alt frå nokre veker til fleire månader å bli bra.

Ved behandling av akutt betennelse i bukspyttkjertelen må vi passe på at du får:

- nok væske i kroppen, gjerne ved hjelp av intravenøs behandling
- gi deg smertestillande etter behov
- måle blodtrykket og pulsen din
- måle kor mykje urin kroppen produserer
- måle kor mykje oksygen du har i blodet
- måle blodsukkeret



BEHANDLING

Legen vurderer kva behandling som er mest aktuell for deg.

Alternativ:

- fjerne gallesteinar som er skuld i betennelsen
- antibiotikabehandling
- I enkelte tilfelle kan operasjon bli nødvendig for å fjerne betennelsen

KONTAKTINFORMASJON

Telefon ekspedisjon Kirurgisk klinikk: 55 97 28 42

Telefontid 09.00-11.00

Når du ringjer ekspedisjonen 55 97 28 42 får du fire val som fører deg til den poliklinikken du vil ha kontakt med.

Etter kl. 16.00 og i helg ta kontakt med
Avdeling for gaastro- og akuttkirurgi
Sengepost 1: 55 97 34 00
Sengepost 3: 55 97 35 03

Du var innlagd ved sengepost:.....

ANBEFALINGAR

Etter å ha gått gjennom ein bukspyttkjertelbetennelse:

- hald deg unna alkohol minst eitt år fram i tid
- dersom betennelsen i buskpyttkjertelen skuldast alkohol bør du slutte heilt å drikke alkohol
- hald deg unna mat som inneheld mykje feitt
- ta kontakt med lege etter heimreise dersom du får feber eller smerter som aukar på

NOTAT

NOTAT

KONTAKTINFORMASJON

Kirurgisk klinikk, poliklinikk, ekspedisjon:

Telefon 55 97 28 42.

Avdeling for gastro - og akuttkirurgi

Sengepost 1: Telefon 55973400

Sengepost 3: Telefon 55973503

www.helse-bergen.no

Haukeland universitetssjukehus

Telefon: 05300